

SONG TIL ULSTEINVIK

Tekst: Helge Saunes

Mel: Johs. Bratseth

Som ei dro-ning mill-om møy-ar, ut-med ha-vet der i vest ligg du kra-nsa av små

øy - ar, og i livd for storm og blest, i mot sør i bak-ke hel-let kring-um

blen-kjer våg og vik, og mot nord i ly av fje-e-llet, der ligg byg-da Ul-stein-vik.

2
Her er fjell og fjord og strender,
bratte lier, berg og skar,
her har fedres trugne hender
rudt og bygt vår ættegard.
I frå tind og nut og kollar
blenkjer sund kring holmar små,
smale grønder, grønne vollar
speglar seg mot kvelven blå.

3
I frå våg og vik og grønder,
skip og båtar stemner ut,
over hav mot fjerne strender
før so mang ein grepa gut,
siglde med si stolte skute
gjennom storm og ville kav.
Mange fekk si grav derute,
og vart gøymd i djupe hav.

4
Kor vi enn i verda vankar,
barndomsbygda er oss kjær,
og i lengt og varme tankar
ho vårt hjarte då er nær.
Mang ei bygd vi fann på ferda,
som var fager, god og rik.
Ingen stad i heile verda
er som bygda Ulsteinvik.

5
Gjev du alltid fram må stiga
i din vokster, i din prakt.
Aldri ned i avmakt siga,
vi ikring deg vil stå vakt.
Fedrearven vil vi byggja *trygge*
gjera bygda stor og rik,
og i kjærleik vil vi byggja
deg vårt fagre Ulsteinvik.